

Bygland kommune

4745 BYGLAND

**Vår dato:** 21.09.2023

**Vår ref.:** 201902682-12 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 2020/273-186

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs uttale - Høyring og offentleg ettersyn - Kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 - Bygland kommune**

Vi viser til brev datert 07.07.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn av Kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 - Bygland kommune.

### **Om NVE**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs uttale**

Kommuneplanens arealdel for Bygland kommune var oppe i planforum 22.06.2023. Vi fekk då utkast til plandokumenta. NVE hadde møte med kommunen 26.06.2023 der vi diskuterte planen og vi ga innspel til føresegnehene for å betre ta i vare flaum- og skredfare og avklare at NVE ikkje hadde grunnlag for motsegn til planen.

Planen blei sendt på høyring, og føresegnehene om flaum og skred er oppdatert etter vårt møte.

Vi har nokre innspel og kommentarar til føresegnehene.

### *Plankrav i LNF-område*

I LNF-spreidd-område blir det opna for direkte utbygging. Etter KDDs rundskriv H-5/18 skal naturfare vere avklart på siste plannivå. Då kan ikkje områda vere utsett for skred og



flaumfare. Ein må leggje desse områda utanom aktsemd- eller fareområde for flaum og skred, og dette må gå tydeleg fram av føreseggnene, slik Bygland kommune har gjort.

I pkt. 3.4.2 *LNF-areal med spreidd bustad, bokstav e*, går dette tydeleg fram: «*Unntak frå plankrav gjeld ikkje innanfor omsynssone H310 og H320.*»

### *Flaumfare*

NVE gir eit fagleg råd om skilje tydeleg mellom område som er utgreidd i flaumkartlegging, og område som er basert på aktsemdkartet for flaum frå NVE. Dette kan gjerast med nummerering av de ulike omsynssonene, som for skred, både i plankart og føresegner.

I pkt. 4.1.3 *Faresone for flaum H320*, er det langt inn ei føresegn som viser til flaumsonekartlegging datert 15.11.2022 for Åraksfjorden og Byglandsfjorden, som er 200-års flaum inkl. klimapåslag for sikkerheitsklasse F2.

Det er laga eit temakart flaum (Kart 4 av 5), men det manglar tydelege føresegner for aktsemdområde flaum som er lagt i temakartet som omsynssone flaum. For desse områda må det setjast krav tilsvarande som for skred:

«*Ved utarbeiding av reguleringsplan og behandling av byggesak innanfor omsynssona, må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot flaum, jf. krav i TEK17 § 7-2 med rettleiing.*»

Det er lagt inn ei retningsline som skal gjelde for dei omsynssonene som tar utgangspunkt i aktsemdområde:

*Retningsline: For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 Sikkerhet mot flom.*

Vi rår til at det i pkt. 2.9.3 *Flaum*, blir gjort ei tilvising til pkt. 4.1.3 *Faresone for flaum H320*, ev. at det blir gjort i krysstilvising.

### *Skredfare*

I pkt. 4.1.2 *Faresone for skred H310*, er det skilt mellom område som er basert på aktsemdkart for skred og der det er utarbeidd faresoner. Dei ulike faresonene har fått eigen nummerering. NVE rår til at også omsynsona som viser NVE sitt aktsemdkart for potensiell skredfare, får eit nummer. Vi rår til at dette også blir vist i plankartet.

I føresegna er det tatt inn ei retningsline om at skredfaren må vurderast av fagkyndig, og at [NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng](#) skal nyttast ved bestilling og utføring av skredfareutgreiing.

Vi rår til at det i pkt. 2.9.2 *Skredfare*, blir vist til pkt. 4.1.2 *Faresone for skred H310*. Ev. at det blir gjort ei krysstilvising mellom disse punkta.



I bokstav c i pkt. 4.1.2 står det: «*Ved utarbeiding av reguleringsplan og behandling av byggesak innanfor omsynssona, må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred, jf. krav i TEK17 § 7-3 med rettleiing.*»

NVE gir eit fagleg råd om å erstatte «områdeskred» med «skred», sidan områdeskred er eit omgrep ein nyttar i høve til kvikkleireskredfare.

#### *Omsynssone skred*

Det står i føresegna pkt. 4.1.2 til omsynssona: «Omsynsona viser NVE sitt aktsemdkart for potensiell skredfare.»

Vi viser til [NVE Temakart](#). Kartlaget [NVE Aktsomhetskart snøskred 2023](#), [NVE Aktsomhetskart for Steinsprang](#) og [NVE Aktsomhetskart for Jord- og Flomskred](#), vil saman med tidligare skredhendingar, dekke potensiell skredfare, og kan brukast til å planlegg kva område som kan byggast.

«Aktsomhetskart snøskred S3» er til bruk i kommuneplan for å avklare sikkerheit for bygg opp til sikkerheitsklasse S3. Kartet er satt saman av aktsemdkart for snøskred frå 2010 og «Aktsomhetskart for snøskred S2 uten skog» frå 2023.

«Aktsomhetskart snøskred S2 uten skogeffekt» kan brukast til å avklare sikkerheit for bygg opp til og med sikkerheitsklasse S2 utan å måtte bandlegge skog.

Dei ny aktsemdkarta for snøskred er førebels ikkje tilgjengeleg i DOK, men vi skal ettersende SOSI-filer for aktsemdkart snøskred til dykk for Bygland kommune.

#### *Temakart er ikkje juridisk bindande*

Det er laga temakart for flaum og skred, og etter det vi kan sjå er ikkje omsynssonene for flaum og skred lagt inn i plankartet. Temakarta er dermed ikkje juridisk bindande utan at dette blir tydeleg i planen med føresegner og plankart. NVE gir eit fagleg råd om å legge omsynssonene inn i plankartet, men vi har forståing for at dette kan gjere kartet mindre lesebart. Alternativt må det gå tydeleg fram av føreseggnene og plankartet at også karta som viser omsynssonene er juridisk bindande.

#### *Byggegrenser langs vassdrag*

Byggegrenser langs vassdrag er gitt i pkt. 2.6.1.

#### *Verna vassdrag*

Det er to verna vassdrag i Bygland kommune: Njardarheim og Tovdalsvassdraget.



Verna vassdrag er omtala i føresegne i pkt. 3.4.d, 3.5.3 og 2.6.1, for byggegrense.

I føresegne pkt. 3.5.3 Verna vassdrag står det: «Langs verna vassdrag skal pkt.4 i rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag bli nyttet ved vurdering av tiltak.»

NVE gir eit fagleg råd om å vise til dei verna vassdraga si nettside på nve.no: [021/1 Njardarheim - NVE](#) og [020/3 Tovdalsvassdraget - NVE](#), der vernegrunnlaget er omtala.

#### *Faresone for høgspenning*

I føresegne pkt. 4.1.4 *Faresone for høgspenning H370*, er det gitt eit byggeforbodsbelte som er lagt inn i plankartet. NVE gir eit fagleg råd om å leggje inn kva avstandskrav de har lagt til grunn for dei ulike type netta.

#### *Konsekvensutgreiing av innspel til endra arealbruk*

Det er laga ei omfattande konsekvensutgreiing av innspel til endra arealbruk. NVE har ikkje vurdert konkret dei nye områda, men vi kan vere tilgjengeleg for råd og innspel viss det er ønskeleg.

#### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

#### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**

Bygland kommune

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTEREN I AGDER